



Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS
Kvingebakkevegen 97
5981 Masfjordnes

Referanser:
Dykkar: 7b5830d4-d04c-47e3-a24e-48a71611f5d8
Vår: 23/547 - 23/4983

Saksbehandlar:
Jan Kvingedal
jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:
31.05.2023

Melding om delegert vedtak - Søknad om løyve til tiltak - riving av saueflor og oppføring av nytt reiskapshus - gbnr 37/4

Administrativt vedtak. Saknr: 043/2023

Tiltakshavar: Gro Ingvild Kvinge
Ansvarleg søkjar: Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

Me viser til søknad dat. 28.05.23.

VEDTAK:

Masfjorden kommune ved rådmannen gjev med heime i plan- og bygningslova §§ 20-1 a) løyve til tiltak i eitt-trinn for riving av eksisterande saueflor og oppsetjing av nytt reiskapshus på gbnr. 37/ 4, Kvingo, på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 16.07.19 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1 med heimel i SAK § 9-3.
3. Tiltaket skal målast inn og koordinatar sendast kommune ved søknad om ferdigattest.
4. Det skal søkjast om ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.K L.	ANSVAR SOMRÅDE
SØK	Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS	954354008	S	1	Søklar
PRO	Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS	954354008	S	1	Prosjektering

UTF	Gro Ingvild Kvinge (sjølvbyggjar)		L	1	Utførelse
------------	--------------------------------------	--	---	---	-----------

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.2.2	Basisgebyr bygg for landbruk	1	10.200,-
	Totalt gebyr å betala		10.200,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om riving av gamal saueflor og oppføring av nytt reiskapshus med bruksareal (BRA) opplyst til å vere 47,9 m² og bygd areal (BYA) 49,5 m². Utnyttingsgrad er opplyst til 0,12 % BYA.

Fakta

Tiltaket er korrekt nabovarsla og det er ikkje kome merknadar frå naboar. Det er gjeve løyve frå nabo i vest til plassering inntil grensa. Tiltaket er skildra som eit reiskapsbygg og er iht. planformål, som er LNF-område. Det nye bygget får omtrent den same plasseringa som bygget som skal rivast.

Vurdering

Det er ikkje opplyst noko om mengda rivningsavfall, men vurdert utifrå vedlagte bilete ser det ikkje ut til at mengda vil overstiga 10 tn. Bygget som skal rivast består av noko malt og noko ubehandla treverk. Det er uisolerte og enkle glas. Det vert difor vurdert at det ikkje er krav til avfallsplan. Tiltakshavar har søkt om ansvarsrett som sjølvbyggjar utan å ha relevant bakgrunn, men vil støtta seg på fagfolk der dette er naudsynt. Søkjar og prosjektering vert ivareteke av firma med sentral ansvarsrett. Bygget skal brukast til oppbevaring av reiskapar og landbruksmaskiner.

Konklusjon

Det vert gjeve løyve til tiltaket jf. vedtaket.

Med helsing

Roald Kvingedal
teknisk sjef

Jan Kvingedal
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS Kvingebakkevegen 5981
97

Masfjordnes